



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9913 - 22/10959

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.02.2022

Vedtak om dispensasjon og arealoverføring til klagevurdering - gbnr 307/6 Brakstad indre

Vedlagt følgjer vedtak til klagevurdering.

Alver kommune har i administrativt vedtak datert 04.02.2022 , saknr. 138/22, gjeve dispensasjon frå arealformål i kommunedelplan Meland. Det er også gjeve løyve til arealoverføring av om lag 300 m² mellom gbnr 307/6 og gbnr 307/15.

Saka har vore til uttale hjå Statsforvaltaren. Sak 2021/17217. Statsforvaltaren peikte i sin uttale på at det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Det vart frårådd overføring av fulldyrka areal til bustadeigedom. Etter uttalen har sækjar redusert arealet som vert søkt overført. Det er no omtrent ikkje dyrka mark som vert overført.

Saka har også vore til uttale hjå Vestland fylkeskommune. Avdeling for infrastruktur og veg hadde ingen merknader til frådelinga ut over at grunnverv måtte kontaktast for klargjering av eigedomsgrense mot fylkesveg 5308. Vestland fylkeskommune vert kalla inn til oppmålingsforretning.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas

avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dokumentasjon til saka - gbnr 307/6 Brakstad indre
Situasjonskart
Søknad om dispensasjon frå arealbruk
Dokumentasjon til saka - gbnr 307/6 Brakstad indre
Dispensasjon og løyve til arealoverføring - gbnr 307/6 Brakstad indre

Kopi til:

Arnt Svein Brakstad	Grønlandsvegen 19	5918	FREKHAUG
Egil Ragnar Opsal	Vestbygdvegen 150	5919	FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN